

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i openberringstida – 20. januar 2013

Preiketekst: Joh 1, 15-18

Lesetekst I: 2 Mos 3,13-15

Lesetekst II: 1 Kor 8,5-6

Jesus syner oss kven Gud er

Dette tekst-avsnittet gjev oss tre store erklæringar om vår Herre Jesus Kristus, og kvart av dei tre er grunnleggjande prinsipp i vår kristne tru.

1. Vi lærer at Kristus åleine møter alle åndelege behov til alle truande. Det står skrive at «Av hans overflod har vi alle fått, nåde over nåde».

Det er ein uendeleg overflod og fylde i Jesus Kristus. Som Paulus seier: «For i han ville Gud la heile sin fylde bu», «For i han ligg alle skattar av visdom og kunnskap gøymde.» (Kol1,19; 2,3) Det er fylt opp i han, som i eit skattkammer, ein grenselaus tilførsel av alt som ein syndar kan trenge, enten i tid eller æve. Han er det sanne vintreet som spreier si kraft ut til alle sine greiner. Han er rik på miskunn, nåde, visdom, rettferd, helging og forløyning. Ut av Kristi fylde og overflod har alle truande til alle tider blitt bevart. I gammaltestamentleg tid hadde dei ikkje forutsetning for å forstå denne krafta til fulle, for dei såg berre Kristus langt borte, ikkje andlet til andlet. Men frå dei første menneska har alle frelste sjeler alt dei har frå Jesus Kristus åleine. Kvar sjel som er heime hos Gud, vil erkjenne at han er Kristus skuldig for alt. Jesus Kristus skal vise seg å vere alt i alle.

2. Vi lærer om det store fortrinnet som Kristus og Evangeliet har i forhold til Moses og Lova. Det står i teksten: «For lova vart gjeven ved Moses, nåden og sanninga kom ved Jesus Kristus.»

Moses og Lova

Gud valde ut Moses som sin tenar: «Moses var trufast som tenar i heile Guds hus. Han skulle vitna om det som ein gong skulle forkynnast.» (Heb 3,5). Han skulle formidle til Israel den moralske og seremonielle lova. Som ein tenar var han trufast mot han som utnemnde han, men han var berre ein tenar. Den moralske lov, som han brakte ned frå Sinai-fjellet, var heilag og rettferdig og god. Men den kunne ikkje rettferdiggjere. Den hadde inga kraft til å lækje. «For lova kallar fram vreide» (Rom 4,15). Den uttalte ei forbanning mot alle som ikkje var fullkome lydige mot Gud.

Den seremonielle lova var full av førebilete og djupe meiningar som peika fram mot Kristus. «Før trua kom, vart vi haldne i varetekt under lova; vi var innestengde heilt til den trua som skulle koma, vart openberra. Slik var lova vaktaren vår til Kristus kom, for at vi skulle seiast rettfærdige ved tru». (Gal 3,24.) Men den seremonielle lova var berre ein «vaktar» (ordet som vert nytta handlar om den personen som henta borna og følgde dei til skulen) inntil Kristus kom. Den som prøvde å halde denne lova til det fullkomne, fekk ikkje hjelp i sitt samvit innfor Gud. «Dette er eit bilete på den tid som no er. Dei ber fram gåver og offer som ikkje kan gjera den som dyrkar Gud, fullkomen når det gjeld samvitet.» (Hebr 9,9.) Det vart lagt eit frykteleg åk på menneska sitt hjarte som dei ikkje var i stand til å bere, og det var ei teneste til død og fordøming. (2 Kor 3,7-9). Lova hadde sitt lys, men lyset som menneska fekk frå Moses og lova, var i beste fall berre stjernelys i forhold til høglys dag.

Jesus og evangeliet

Kristus derimot, kom til verda «som ein son», og nøklane til Guds skattkammer av nåde og sanning er heilt i hans hender (Hebr 3,6). Nåden kom ved han, då han gjorde fullt ut kjent Guds nådige frelsesplan. Ved trua på at Jesu blod reinsar frå all synd, vert nådens kjelder opna for alle menneske. Sanninga kom ved han då han oppfylte alle førebileta på hans eigen person i Det gamle testamente, og openberra seg som det sanne offer, den sanne nådestolen, den sanne øvsteprest. Ingen tvil om at det var mykje av «nåde og sanning» under Moselova. Men heile Guds nåde, og heile sanninga om at han kjøpte oss fri frå døden og lova sine krav, vart aldri kjend før Jesus kom til verda og døydde for syndarar, jødar av heidningar.

Lova syner oss at mennesket ikkje strekk til i å leve eit liv som tilfredsstillar Guds krav til heilagdom og reinleik, men Lova kan ikkje vise oss Sanninga om oss menneske. Sanninga om vårt djupe fall vert synleggjort ved eit blick på det midterste treet på Golgata der Guds fullkomne og lytelause offerlam vert slakta ved hendene til dei menneska han kom for å frelse.

I vårt folkereligjose Noreg er nok dei fleste opptekne av «å gjere så godt ein kan, og Gud må vere nøgd med det». Heile Bibelen roper ut ein heilt annan bodskap. Jesus Kristus bar seg sjølv fram som det fullkomne syndoffer, og det er berre ved å takke og ta imot dette offer at eit menneske finn nåde og rettfærd hos Gud.

3. Vi lærer at det er Kristus åleine som har openberra Gud Fader for mennesket. Det står at «Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne, som er Gud, og som er i fanget til Far, han har synt oss kven han er.»

I vår skapnad

Døyelege menneske sine auge har aldri sett Gud Faderen, for ikkje noko menneske kan tåle det. Sjølv til Moses vart det sagt: «Du kan ikkje få sjå andletet mitt», sa han; «for eit menneske kan ikkje sjå meg og leva.» (2 Mos 33,20). Men alt som eit døyeleg menneske er i stand til å vite om Gud Faderen, er fullt ut openberra for oss ved Guds Son. Han som var i Faderens famn frå all æve, var villig til å ikle seg vår skapnad for at det skal vere mogleg for oss å fatte noko av kor fullkomen Faderen er.

I Kristi ord og gjerningar, ved hans liv og død, får vi vite så mykje om Gud Fader som vi kan bere. Hans fullkomne visdom - hans allmakt - hans ubeskrivelege kjærleik til syndarar - hans absolutte heilagdom - hans hat mot synda; aldri kunne det vore representert i våre auge meir tydeleg enn vi ser dei i Jesu liv og død. I sanning, Gud vart openberra i kjøt når Ordet ikledde

seg ein kropp. Han seier sjølv: «Eg og Faderen er eitt.» Og: «Den som har sett meg, har sett Faderen.» « For i hans kropp bur heile guddomsfyllden» (Kol 2,9.) Dette er djupe og underlege ting, men dei er sanne. (1Tim 3,16; Heb 1,3; Joh 10,30;14,9).

Opphøye Jesus

Og etter å lest dette avsnittet, kan vi vel aldri gje for mykje ære til Kristus? Sjølv om Jesus Kristus framleis har ei høg stjerne i folket vårt ut frå hans nestekjærleik og etikk, så registrer vi likevel stadig vekk at han vert til latter eller omtalt i nedverdige ordelag (til dømes Da Vinci-koden). La oss vise frå oss alle uverdige tankar om Jesus Kristus for alltid. Lat oss lære å opphøye han meir i våre hjarte, og å kvile meir fortruleg i hans hender. Kristus er møtestaden mellom treenigheten og syndaren si sjel. «Den som ikkje ærar Sonen, ærar heller ikkje Far, han som har sendt han.» (Joh 5,23).

Erik Furnes

Generalsekretær i Indremisjonsforbundet

e.furnes@imf.no